



## Statens vegvesen

Rolf Uthaug  
Lurevegen 500  
5912 SEIM

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Unn Jenny Utne Kvam /  
55516243

Vår referanse:  
16/148198-1

Dykkar referanse:

Vår dato:  
28.11.2017

### Løyve til bruk – Avkøyrsløse – gnr. 155 bnr. 35 – Lindås kommune

Vi viser til vårt brev datert 20.04.2015 og seinare synfaringar i saka.

Avkøyrsløse er no opparbeidd på ein måte som Statens vegvesen på vilkår godkjenner for bruk til 2 nye bustadeiningar.

#### Vedtak:

Med heimel i veglova § 40 og 43 gir vi løyve til utvida bruk av avkøyrsløse frå fv. 397 til 2 nye bustadeiningar på gnr. 155 bnr. 35 i Lindås kommune, *vår referanse fv. 402 – hp 1 – km 5,041.*

#### Vilkår for løyvet:

Løyvet blir gitt i samsvar med *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkøyrsløse fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964 og Forskrift om retningslinjer for behandling av avkøyrsløssaker fra riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Løyvet gjeld for ovannevnte stad, og i høve til vedlagt prinsippsskisse.
2. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkøyrsløse eller renne vatn ut i fylkesvegen.
3. Løyvet gjeld til 2 bueiningar.
4. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet på fylkesvegen. Søkjar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsløse, frisktsoner og tilkomstveg. Slike rettar bør tinglysast.
5. Brukar / eigar må til ei kvar tid halde avkøyrsløse i den stand det er sett krav til i løyvet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Eigaren eller brukaren av avkøyrsla har sjølv ansvaret for at krav til utforming av avkøyrsla til ei kva tid er oppfylt, mellom anna krav til friskt (jf. veglova § 43) og drenering (jf. vilkår nr. 2 ovanfor). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

#### **Bakgrunn for vedtaket:**

Statens vegvesen har vore på feire synfaringar i saka. I juni 2016 var avkøyrsla opparbeida i samsvar med krav i førehandstilsegn datert 27.03.2012, med unntak av krav til drenering. Det er i ettertid, i dialog med vår Vegseksjon Nord-, Midt- og Sunnhordland, godteke ei anna dreneringsløysing enn den det var stilt krav om i førehandstilsegna. Den etablerte løysinga vert godkjent på vilkår om at det ikkje samlar seg vatn i avkøyrsla eller renn vatn ut i fylkesvegen.



*Vegbiletete teke 07.09.2017.*

#### **Klagerett:**

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan påklagast jamfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 – veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som sender saka over til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing


Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Unn Jenny Utne Kvam  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Vedlegg: 2


Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ




27.03.2012  
Målestokk 1:1000

# PRINSIPPSKISSE


## Krav til frisikt for avkjørsla :



## Krav til svingradius for avkjørsla :



## Krav til lengdeprofil for avkjørsla / tilkomstveg :



<b>STATENS VEGVESEN</b>	
Jnr.	2012-034892-2
Ark.nr.	

(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet)	<b>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak</b> (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
(3) Mottakar (namn og adresse)	(2) Dato  (4) Klageinstans
<p><b>Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.</b></p> <p><b>Klagerett</b> De har rett til å klage på vedtaket.</p> <p><b>Kven kan De klage til?</b> Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p><b>Klagefrist</b> Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.</p> <p><b>Rett til å krevje grunngeving</b> Dersom De meiner at vi ikkje har grunngeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngevinga.</p> <p><b>Innhaldet i klaga</b> De må presisere          – kva for eit vedtak De klagar på          – årsaka til at De klagar          – den eller dei endringar De ønskjer          – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga          Klaga må underskrivast.</p> <p><b>Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket</b> Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort.</p> <p><b>Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing</b> Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.</p> <p><b>Kostnadene med klagesaka</b> De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.</p> <p><b>Klage til Sivilombodsmannen</b> Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.</p>	
Særlege opplysningar	